


pslutning



Truleg liten gevinst av tilskot

– Inndelingstilskotet er ei kompensasjonsordning. Det kompenserer for bortfall av inntekter over rammetilskotet frå staten som følgje av ei kommunesamanslåing.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det skriv Kjetil Lie og Audun Thorstensen i ei pressemelding. Dei to vil gjerne presisere at det ikkje er nokon gevinst av inndelingstilskotet når ein ser ei samanslåing over tid.

– Inndelingstilskotet inneber derfor ikkje noko høgare, men heller ikkje noko lågare tilskot frå staten enn kva dei aktuelle kommunane i sum ville fått kvar for seg. Dette gjeld for dei 20 fyrste åra etter ei eventuell samanslåing, skriv forskarane.

Signal først i mai

Thorstensen og Lie seier det er gjort overslag som likevel inneber auka inntekter over rammetilskotet på 255 millionar kroner over perioden med inndelingstilskot.

– Desse berekningane baserer seg spesielt på ein føresetnad om at inntektssystemet vil bli endra slik det er signalisert; det vil seie med ein gitt reduksjon i basistilskotet. Dessverre kjenner

ingen av oss til om så kjem til å skje. Det får me tidlegast eit offisielt signal om 11. mai når den såkalla kommuneproposisjonen vert lagt fram. Blir det faktisk ikkje noko av redusert basistilskot som ein «straff» for frivillig smådriftsulemper (dei små som ikkje vil slå seg saman red. m.), er effekten derfor også null kroner og ikkje auka rammetilskot dei fyrste 20 åra etter samanslåing, påpeikar dei to.

Vil bli nedtrapping

Thorstensen og Lie skriv at det som likevel må oppfattast som ein kjent og påliteleg føresetnad, er at inndelingstilskotet vil bli trappa ned til null kroner 20 etter ei samanslåing. Det dreiar seg om 30 millionar på årsbasis.



Veit ikkje. Desverre veit me ikkje kva som skjer med inntektssystemet seier Kjetil Lie.

Saknar nei-argument

Bjørn Nordbø ønskjer at det kjem fram konkrete nei-argument. Kvar kommunehuset ligg meiner han er uinteressant.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Det har kome mykje informasjon, men få nei-argument, meiner Bjørn Nordbø.

Han viser til folkemøtet der det ikkje var lagt opp til nei-argument og då er det vanskelig for andre å kome med dei.

– Skal ein ha ein god debatt så treng ein begge sider. Det er alltid to sider, meiner Nordbø.

– Kva er viktigast for deg når du skal ta ei avgjerd om kva du skal stemme?

– Relevant informasjon om korrupsjon, er det meir av det i små enn i store kommunar, spør Nordbø.

Han meiner det er eit viktig aspekt og trur det kan vere eit argument for.

– Kva med kommunale tenester?

– Dei er eg ikkje bekymra for, eg har funne ut at det er lettare å ringe til teknisk etat enn å gå dit. Kvar kommunehuset ligg er også uinteressant, meiner Nordbø.

